

## Tendensiøst om «Elg»

I Hallingdølen for den 24. januar kommenterer fire inn-sendarar ein artikkel eg skreiv i avisa den 20. desember 1994. Dei fire er Erik Eriksen, Ivar Johansen, Rolf Langum og Jan Backer Owe. Dei meiner at framstillinga mi er tendensiøs og feilaktig.

Det er ennå ikkje skrivne noko fagleg avhandling som belyser aktiviteten i Elg-basen, medrekna «Haglebuslaget», i full breidd.

Eg har ikkje teke mål av meg til å gjere det, og slett ikkje i ein avisartikkel. Men eg har lagt vekt på å få fram sider ved den aktiviteten som ikkje har vore så mykje framførte før. Dei som til nå har skrivne om hendingane, er først og fremst Paul Strande og Rolf Langum, som begge hadde kommandooppgåver i Elg eller ved Haglebu. Lesarane vil forstå at eg må velje ei anna utgangspunkt enn dei.

Eg skal kommentere nokre punkt i innlegget:

1) Innsendarane seier at dei kom med i den «Milorg-gruppe» som kom i kamp med tyske soldater ved Haglebu. Å kalle denne gruppa «Milorg-gruppe» er misvisende. Mannskapa kom frå Elg-gruppene i Distrikt 8, men var avgitt til, eller utlagt BA IV i Elg. Elg var på det tidspunktet ikkje knytt til Milorg, men var underlagt Forsvarets kommando og den allierte styrka i England. Mannskapa ved Haglebu var frå eit kursdeltakarar. Men dei hadde eit vidare mål enn å drive kurs. Kursa fekk

karakter av å vere permanente avdelingar. Det oppnådde ein ved å samla mange deltakarar over lang tid, og ved å avvikle fleire kurs samtidig i det same området. Mange har meint at det var uforsvarleg å drive våpenøvingar med så store styrkar i eit så tett trafikkert område ved påsketider.

2) Den «anonyme kjelda» som eg siterer frå, og som seier at alle mannskapa meinte det var «vanvidd» å engasjere seg i kamp, ligg i arkivet på Hjemmefrontmuseet. Det er likevel ikkje så viktig å vite kor mange som var for eller imot. Dei norske heimestyrkane hadde klare ordrar om å unngå kamp med tyske avdelingar. Dette var ein del av den langsiktige strategien for å få til ein ordna kapitulasjon. I tillegg til denne ståande forholdsdordren, kom det i dagane før Haglebuslaget fleire telegram inn i leiren der det blir gitt ordre om å unngå kamp. Det finst også mange andre opplysningar som viser at det er grunn til å stille spørsmålsteikn ved handlemåten. Eg nemner nokre. Distriktssjefen i D 14.1., Ahlert Horn, klaga leiinga ope for brot på ordre. Eit par dagar etter treffinga ved Haglebu ville Petter Holst, ved hjelp av dei faste mannskapa på Rustandstølen, gå til angrep på ei mindre tysk eining som hadde slått seg til i nærleiken. Dette vart stansa av Leif Levorsen. Sjefen for elg, Paul Strande, var på eit tidspunkt inne på tanken om å avsette Holst og sette Levorsen inn i staden. Under eit tidlegare kurs på Rustandstølen heldt ein del av

mannskapa på å gjere opprør.

Gruppesjefen i Gol, Kaare Lund, sende då bod etter Linge-karen Erling Lorentzen for at han skulle komme og hjelpe til med å roe ned mannskapa. Innsendarane nemner heller ikkje at Holst gav mannskapa sine ved Haglebu ordre om å ikkje ta fangar. Når fangar likevel vart teke, vart ein av dei avretta på staden. Skulle ikkje norske heimefrontsmannskap føre krig etter folkeretten? Det vil undre somme at dei fire innsendarane så klart støttar handlemåten til leiinga ved Haglebu.

3) Innsendarane meiner at Haglebuslaget påverka tyskarane til å velje ein fredeleg kapitulasjon istaden for open kamp. Eg kjenner ikkje til at det er påvist ein slik samanheng. Påstanden synest også urimeleg. Det finst heller argument som talar for at treffingar av dette slaget, på ei tid då dei allierte arbeidde for å få til ein udramatisk kapitulasjon, og medan norske fangar var på veg heim frå Tyskland, kunne sette freden i fare. Ein må søke andre forklaringar enn «Haglebuslaget» på at «idealalternativet» gjekk i oppfylgning. Ei av dei kan vere at den allierte leiinga utveksla etterretningar med den tyske forsvarsleiinga på Lillehammer med Jens Chr. Hauge som mellommann. Det er grunn til å tru at Hauge fekk problem med å bortforklare episoder som dei ved Haglebu. Den tyske hærleiinga trong forsikringar om at dei norske heimestyrkane stod under ei an-

svarleg, alliert leiing. Tyskarane kapitulerte overfor engelske offiserar, og ikkje overfor norske heimestyrkar.

4) Ulykka ved Øyvatt sør for Rukkedalen; skjedde i ei gruppe som var avgitt til Elg for å bygge opp BA IV. BA IV vart seinare bygd opp på nytt på Rustandstølen og ved Haglebu. Leiara for BA IV ved Øyvatt var på det tidspunktet Linge-karen Erling Lorentzen, som noko motvillig hadde teke på seg oppdraget, etter eit pålegg som vart formidla gjennom Golden Eagle, fortroppen til Elg. Det er neppe grunnlag for delte meiningar om dette.

5) Distriktssjef Hasselknippe i D 14.2. var våren 1945 på eit opphald i England for å hjelpe til med å løysa motsetninga mellom Elg og Milorg. På heimvegen fekk han med seg eit brev til milorg-sjef Jens Chr. Hauge. Der fekk Hauge kommandoen over Elg. Hauge fråbeordra Strande og sette inn Herman Vogt. Det skjedde nokre dagar før kapitulasjonen. Men ein del praktiske ting måtte ordnast før skiftet kunne iverksettast den 8. mai. Staben i Elg etablerte seg på Hønefoss og fungerte som eit overordna ledd over dei tre distrikta i D 14 fram til juli 1945.

Gol 8. februar 1995  
Kåre Olay Solhjell